

# MØTEPLASS FOR FRAMTIDA

Ta utgangspunkt i teksten på plakaten (denne finn de på siste sida). Oppdraget dykkar er å beskrive ein idé til ein ny møteplass gjennom tre moment. Svar på ein måte som passar dykk. Det kan vere i tekst (min. 1 A4-side og maks. 2 A4-sider), som video eller med bilete. Oppgåva blir løyst i grupper på 3-5 personar.

## 1. Svar på dei tre hovudspørsmåla kva, korleis og korfor

Kva?

- Kva slags møteplass vi de lage?
- Kva for eit område tenkjer de det er viktig å lage nye møter kring? De kan velje nokre av punkta under eller eit valfritt tema som interesserer dykk. Her er nokre forslag:
  - Psykisk eller fysisk helse
  - Berekraftig matproduksjon og konsumsjon
  - Møter på tvers av generasjonar
  - Sunn prestasjonskultur i skulen
  - Medviten mediebruk
  - Likestilling og inkludering

Korleis?

- Korleis vil de få til at menneske skal møtast?
- Kven skal komme til møteplassen dykkar?
- Kva skal skje på på møteplassen? Gi eksempel og beskriv dei aktivitetane som de vil gjennomføre.
- Treng de å samarbeide med nokon andre for at idéen dykkar skal bli så bra som mogleg? Kva skulle dei kunne bidra med?
- Korleis ønskjer de at menneske skal møtast?

Korfor?

- Korfor er møteplassen dykkar viktig?
- Skriv om motivasjonen for at møteplassen dykkar trengst. Kva skulle møteplassen dykkar kunne bety for menneske på plassen der de bur?

## 2. Kom på eit bra namn på møteplassen dykkar

## 3. Lag ein logo for møteplassen dykkar

Last opp idéen dykkar på [nordeniskolan.org](http://nordeniskolan.org) når de er ferdige. Gløym ikkje å leggje med bilete av logoen dykkar som visningsbilete og skrive namnet på møteplassen dykkar i beskrivinga i opplastningskjemaet.

# MØTEPLASS

# FOR FRAMTIDA

**Vi søker etter dykk som vil skape ein møteplass for framtida!**

Om de skulle få tilgang til eit lokale, heilt gratis, døgnet rundt i eit års tid, kva skulle de fylle lokalet med for å få mennesker til å møte kvarandre på nye måtar?

Vi søker etter dykk som vil utvikle å teste eit prosjekt i eit av våre lokaler. Har de ein spennande idé som aldri før har vore testa? Eller kjenner de til noko som fungerer som de vil ha meir av? Er det eksmpel på digitale møteplassar som skulle kunne bli fysiske?

Idéen dykkar kan vere ein forretningsidé, ein idé til ei foreining, ei forlenging av eit kvar dagsroom eller noko heilt anna - de bestemmer. Alle idéar er velkomne, vi ser fram til søknaden dykkar!

